



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til melding om Jonatre mikrokraftverk i Tveitelvo, Kvinnherad kommune

Jonatre mikrokraftverk vil redusere verdien av naturtypen ellevassmassar og gyte- og oppvekstareal for sjøaure i Tveitelvo. Kunnskapsgrunnlaget bør oppdaterast i tråd med gjeldande rettleiarar, for å kunne vurdere nærare kor store konsekvensane blir og om dei kan avbøtast. Vi rår frå at det blir gjeve konsesjonsfritak slik saka ligg føre.

Vi viser til høyringa av melding om konsesjonspliktavurdering for Jonatre mikrokraftverk.

Omtale av tiltaket

Jonatre mikrokraftverk er planlagt i Tveitelvo, ei sideelv til Storelva i Åmviikdalen. Det er planlagt inntak på kote 137 og kraftstasjon på kote 76. Påverka elvestrekning blir om lag 450 meter. Kraftverket er planlagt med slukeevne på 38 prosent av middelvassføringa, og minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring. Årsproduksjonen er estimert til ca. 0,6 GWh.

Det er bygt to kraftverk lenger oppe i Tveitelvo. Eit planlagt Auno minikraftverk blei avsele i 2014, på grunn av konsekvensar for sjøaure. Dette kraftverket var planlagt med inntak på kote 135 og avløp på kote 35, slukeevne på 250 prosent middelvassføringa, minstevassføring på alminneleg lågvassføring, og årleg energiutbytte var estimert til 2,15 GWh.

Ei konsesjonspliktavurdering gjeld effektar av vassdragstiltaket; altså vassuttaket og konstruksjonar i vassdraget. Ved eit eventuelt konsesjonsfritak skal kommunen vurdere arealinngrep utanfor vassdraget, mellom anna røyrгатетraséen, i deira handsaming etter plan- og bygningslova.

Vår vurdering

Rennande vatn inngår i naturtypen ellevassmassar i raudlista for naturtypar frå 2018, og er sett i raudlistekategorien nær truga (NT). I Artsdatabanken er det påpeika at særleg bekkar i låglandet er utsette for påverknad. Resterande bekkeløp har dermed fått auka verdi, for mellom anna insekt og vasstilknytte fugleartar som fossefall, vintererle og strandsnipe. Elva og kantvegetasjonsbeltet på strekninga har såleis verdi for fisk, men òg andre vasstilknytte artar og som hekkelokalitet for fuglar.

Naturmiljørapporten for Auno minikraftverk er vedlagt meldinga om Jonatre mikrokraftverk. Denne var basert på feltarbeid i 2010. I løpet av dei 15 åra som er gått sidan dette, har det vore fleire



oppdateringar av kartleggingsinstruksane, og kunnskapsgrunnlaget bør oppdaterast og vurderast etter gjeldande rettleiarar. Vi minner elles om at vi påpeika at fisk var mangelfullt utgreidd òg i søknadsgrunnlaget for Auno minikraftverk.

I konsesjonsvedtaket for Auno minikraftverk blei det lagt til grunn at Tveitelvo er den lengste sideelva til Storelva i Åmvikdalen, og at elva utgjorde 93 prosent av gode gyte- og oppvekstareal i sideelvane. Tveitelvo har fleire parti i øvre del med stryk og kulpar som gjev gode gyte- og oppveksttilhøve for sjøaure, og stort sett heile strekket har små flekkar med egna gytegrus.

Jonatre mikrokraftverk er planlagt med avløp lenger oppstraums og med lågare slukeevne enn Auno minikraftverk, som altså fekk avslag på konsesjonssøknaden på grunn av konsekvensar for sjøaure. Det er ikkje vurdert i meldinga korleis utbyggingsplanane for Jonatre mikrokraftverk vil påverke livsgrunnlaget for sjøauren.

Ut frå eiga grov oppmåling på kart ser det ut til at ei eventuell utbygging vil redusere vassføringa på om lag 270 meter av sjøaurestrekinga. Sjølv om den planlagde vassutnyttinga vil vere låg samanlikna med mange utbyggingar dei seinare åra, og det vil vere att ein god del naturleg dynamikk, vil det bli lengre periodar med lågvassvassføring enn i dag. Kor omfattande dette vil bli, er ikkje vist i meldinga.

Redusert vassføring vil vere klart negativt for sjøauren, og vil utgjere ein ytterlegare negativ faktor i ein svært dåleg bestandssituasjon i regionen. Eit eventuelt kraftverk kan òg påverke strekninga nedstraums kraftverket, om utfall i kraftstasjonen fører til tørrlegging av elva. I så fall kan ein eventuell konsesjon stille vilkår om omløpsventil i kraftstasjonen for å avbøte slik skade.

Det er allereie to kraftverk i Tvetelvo, og ytterlegare fleire i Storelva eller andre sideelvar, og det er dermed viktig å vurdere den samla belastinga for vassdraget og området.

Med helsing

Aslaug Aalen
miljødirektør

Eyvin Søltnæs
Seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Kvinnherad kommune
Vestland fylkeskommune

Rosendalsvegen 10
Postboks 7900

5470 ROSENDAL
5020 BERGEN